

# VILJAR NYTT

MEDLEMSBLAD FOR IDRETTSLAGET VILJAR

DESEMBER 2018





## Helsing frå leiaren STORE OG SMÅ, SAMAN

Endå eit år nærmar seg slutten og førebuingane til nytt år er allereie i gang på mange nivå, også det faste innslaget «Viljarnytt»

Dette året har og det meste gått som vanleg med ulike aktivitetar der mange tek ansvar for å halda hjula i gang. Men 2018 var det IL Viljar sin tur til å ansvare for å syta for å arrangera 17. mai på Vangen. Dette er ei stor oppgåve, men dei ansvarlege i komiteen gjorde nok ein gong ein god jobb og det vart ein vellukka dag for store og små. Vêrgudane spela også på vårt lag denne dagen.

Elles er det slik at ulike former for dugnadsarbeid vert gjort gjennom hele året, noko som gjev klingande mynt i kassa, som igjen fører til meir aktivitet for borna. Ansvar for vakthald ved utleige av klubbhuset og for vakthald ved skulen i samband med overnatting under Voss Cup er eit av dei faste dugnadsopdraga laget har, og her gjer fotballgruppa ein flott jobb.

Dei som arbeider med fotball og ski styrer dette med sikker hand, og mange av borna i laget er aktive, men det syner seg at det er lettare å få borna aktive i fotball enn ski. Dei seinare åra har det vore lite snø og dårleg skiføre i nærområda og Viljar har saman med fleire andre idrettslag skipa til karusellrenn oppe i Voss Ski- og tursenter. Dette vonar me skal føra til at fleire born og unge vil koma seg ut vinterhalvåret og få kjenna på den gode opplevinga det er å få utfalda seg på ski. Og kanskje laget kan fostra fleire som set merke etter seg i skiløypa og fører «Viljarnamne» vidare.

Førre året vart randonnegruppa skipa i laget, og det tok ikkje lang tid før utøvarar frå laget vart lagt merke til.

Dei fem joggekarusellane som IL Viljar årleg skipa til samla mange både store og små deltakarar, medan Bømoløpet ikkje samla den store mengda med deltakarar.

Bømomarsjen i fjor vart ein suksess både når det gjaldt været og talet på deltakarar då det var over 800 som tok seg rundt inne i Bømoen. Men når veret viste seg frå ei heller dårleg side ein regntung haustdag og over 500 stilte opp og betalte startpengar, lyt ein nesten få lov til å kalle det ein suksess det og. Men når trufaste medlemmer stiller opp med skogskaffi, vafler og grilla pølse med saft til er vel det ein motivasjon i seg sjølv. Og når 90 åringar og små babyar stiller til start syner vel det at dette er noko for heile familien.

I mange år har mykje av aktiviteten til IL Viljar, både sommar og vinter, føregått i nærmiljøet på Palmafossen, på idrettsplassen og innover i sjølve Bømoen, men i seinare tid er det hovudsakeleg sommaraktivitetar som har hatt fokus.

Etter eigarskifte i Bømoen har stoda vore meir uviss, men laget har god dialog med dei nye eigarane og aktivitetane har halde fram som før. Me er sjølvstakts takksame for dette og vonar at dette og vert mogeleg i framtida.

### ÆRESMEDLEM DAG MIDTHUN

Mange har opp gjennom åra gjort ein stor og solid innsats for IL Viljar og som vel fortent får ei påskønning for dette. På Årsmøtet 4. mars 2018 var det Dag Midttun som fekk denne merksemda og han vart utnemnd til Æresmedlem i IL Viljar og fekk tildelt plakett i skifer med innskrift: «Æresmedlem i IL Viljar 4. mars 2018» laga av Per Vinje.

Eg vil også dette året få takka medlemmene for innsatsen dei gjer for laget og vil på vegner av IL Viljar ynskja alle le-sarane av «Viljarnytt» ei god jol og aktivt nytt år.

Aktiv helsing frå  
**Arnulv Ringheim, Leiar Viljar.**

## GLIMT FRÅ SOMMARSESONGEN 2018



Stalheimskleiva opp, Sindre Hydle og Kolbein Klette



Jenter 2008



Gutar 2011



Bålkaffi og kafe, Bømomarsjen



Seier mot Brann, Jenter 2018



På cup, jenter 2009



Bømomarsjen



Gutar 2010




Lars Klette og Anders Klette




Joggekarusell i Bømoen



Stian Klette i Stalheimskleive opp





**Trenarar** i år har vert Torstein Bakketun Kyte, Arvid Bakketun Kyte og Geir Arne Månum.

**Spelarar** har vert Jori Tveiten, Emma Tveit, Silje Herre, Mathilde Bakketun Kyte, Frøya Månum, Synnøve Fjose Stokken, Henriette Eilerås, Abygayl Tesfay, Stella Sofie Kjosås og Mari Gudveig Hefte Holsen.

**Lagleiarar** har vert Kjersti Bleie og Roald Fjose Stokken.



Denne sesongen har me hatt hjelp av to unge trenarar: Veltle Bergstrøm Arnesen og Magnus Herfindal Kvalnes.

**Stor takk til dei!**

Me har òg fått låna spelarar frå G-10 til nokre kampar. Sesongen har vore litt seig resultatmessig, men alle gutane har jobba hardt både på kampar og på trening. Av og til har det vore storspel, av og til har det vore meir på midt treet, men me har heile tida prøvd å ha det så kjekt som råd. Resultata er ikkje alltid det viktigaste, men med framgangen dei har vist i år vert nok resultata betre neste år.

**Takk til alle spelarane for god innsats!**



**Frå venstre:** Osama Tahina, Abid Khdewei Tahina, Jens Våle, Anders Olavson Klette, David Komljenovic, Heidi Ure. Eivind Rokne Lid, Joar Byrkje, Magnus Koppen Vike, Sindre Himle, Bjarte Rokne Lid, Jonathan Bryn Støle og Mahmoud Alezzou.



**Eldste gutegjengen, G12år har gjennomført ein flott fotballsesong!**

I år har me verkeleg samarbeida godt mellom gutelaga på Viljar. G10-G11 og G12 har spelt side om side i fleire av kampene der me har måtte låne spelarar av kvarandre. Kjekt å sjå kor flinke dei er å samarbeide ikkje berre innad i laget, men også saman med dei yngre gutane!

Heidi Ure og Osama Tahina har vore suverene trenarar i år. Tenk at Heidi har trena gutane i så mange år. - All honnør til ho!

Me har spela 9`ar fotball og lært oss offside i år. De kan tru det har vert utfordrande! Ikkje berre for spelarar, men også for dei flinke dommarane våre! Ein del frustrasjon, men også ein del latter måtte til før offsidan var i boks. Og enda vil det nok ta nokre år før den sitt skikkeleg.

Seriekampene har gått som planlagt med både siger, uavgjort og tap. Me har deltatt på Vårslepp cup, Voss cup og Eidshagen cup. Som lagleiar vil eg takke gutane, foreldre og trenarar for ein knall bra sesong! Eit drømmelag å vera lagleiar for.

**Helsing Torhild Bryn**




Gutar 9 og 10 har fortsatt det gode samarbeidet denne sesongen. Gutane er positive gjer kvarandre gode og har det kjekt saman på banen. No er me byrja å spela 7`ar fotball. Overgangen frå 5`ar til 7`ar fotball har gått bra. Gutane har vist god framgang på banen denne sesongen.

I vinter har me har me hatt treningar inne. Me har vore 13 spelarar, og to spelarar har byrja no i vår. Me har deltatt på



Vårslepp Cup, Voss Cup, Eidshagen Cup og dei aller ivrigaste deltok på Eat Move Sleep Cup i Åsane no i november. Takk til Owen og Tevje som gjer ein flott jobb som trenarar for laget.

**Helsing Aslaug Møn Mjelde**




Viljar jenter 09 har i år hatt to lag med i serien der begge laga har gjort det bra. Dei har og vore med på forskjellige cup'ar som vårslepp cup i skulestadmoen, voss cup, cup på bulken og sist men ikkje minst Oddvar Bjelde cup inne i Vestlandshallen.

Jentene er gode venner både på og av fotballbanen, dei har alle vist stor framgang i sesongen som har gått, noko dei viste da dei vant alle kampene sine i Oddvar Bjelde cup. Denne sesongen har dei spela 5`ar fotball men til neste sesong skal dei spela 7`ar fotball, denne utfordringa ser me skikkeleg fram til og jentene har allereie byrja opptreninga innandørs på Palmafossen med stor iver.



Tusen takk til alle jentene og alle foreldre og familie som har vore med å bidratt til at jentene har hatt ein kjekk og god sesong.

**Mvh Harald Østervold, trenar**




Viljar jenter 8 år sin sesong starta med kamp mot Voss lilla måndag 23. april, og slutta med kamp mot Bulken i Eideshagen 1. oktober. Ein lang sesong der jentene har vorte introdusert for femmarfotball og sakte, men sikkert, har oppdaga at fotball både vert kjekkare og enklare ved å spela saman og ikkje kvar for seg!

Det kjennest ikkje ut som om det er så lenge sidan me starta med treningar i små utandørsvant på Viljarbana, der alle stort sett hadde nok med seg sjølv og ballen ein skulle kontrollere. Men brått løfta dei blikket både mot lagveninner og ny sesong. Og med større banar og seriefotball stort sett kvar veke. Høgdepunktet var nok likevel Voss cup, på same måte som det var høgdepunktet i fjor. Her møtte jentene sjølvaste Sportsklubben Brann, og nøytrale tilskodarar vart til jentene si store overrasking med på «Heia Brann»-rop i løpet av kampen. Det var noko anna enn å spela i regnet på Palmafossen! Heldigvis hadde også jentene bra med engasjerte tilskodarar på sidelinja og besteforeldre,



tantar, onklar og foreldre heia dei fram til 6-3-siger. Etterpå var det ei Viljar-jente som sa det godt: «Det er litt rart å spela mot og slå eit lag som eg heier på!» Trenarteamet var mest misunnelege, for ingen av dei har nokon gong hatt æra av å spela mot Bergen si kjæledegge. Ikkje verkar det truleg at det kjem til å skje med det fyrste, heller... Men Viljar jenter 8 år har gjort det, og prova det me visste frå før: Det er ikkje Voss som er forstad til Bergen, det er Bergen som er hamnebyen vår!

Trenarteamet takkar engasjerte foreldre, dei andre laga for god sportsånd og naboskap, og jentene for ein flott sesong 2018. Me ser fram til neste. Heia Viljar! Oddvar, Martin og Knut Olav.




Det var mange som ville vera med å spela fotball då sesongen starta med sludd og snø like etter påske. Laget har bestått av 16 blide jenter. Annbjørg Eilerås var sporty og tok på seg trenarjobben, og har losa jentene fint gjennom sesongen. Foreldre har vore flinke å hjelpe til med å sette opp 3'ar banane som har vore i bruk kvar trening. Det er ikkje serieturnering for denne aldersgruppa, men laget har delteke på Vårsleppcup, mini-cup til FBK Voss, Bjørgum, på Voss Cup og minitreff i Eideshagen. Mange har hatt anledning til å vera med på cupane og J7 år har stilt med 3 eller 4 lag kvar gong! Då er foreldre flinke og ruller på å ta ansvar for kvar sine lag under kampane. Onsdag 29. august arrangerte Viljar (2011 - jenter og gutar) mini-cup på heimebane, der det vart spelt tilsaman 36 kampar! Eit vellukka arrangement der alle foreldre bidrog med viktige dugnadsoppgåver, slik at dette vart ein kjekk fotballkveld for dei unge fotballspelarane i bygda vår. Fleire på laget deltok på Viljar si felles fotballavslutning 31.



oktober. Eit flott opplegg med ulike fotballpostar som vart avrunda med god mat og drikke i Viljarhuset. Ein fin avslutning på ein kjekk fotballs sesong. No gledar jentene seg til å spela 5'ar fotball neste sesong.

**B.f.v.:** Trenar: Annbjørg Eilerås, Hamdi Abdulgadir Abdi, Adriana Heimdal, Alma Aarhus Jordalen, Nora Brekke Bystøl, Frida Månum, Liva Midthun-Djønne, Silje Kolskår Eriksen.

**F.f.v.:** Halldis Helleve, Hanna Brekkhus Møn, Anja Eilerås, Maja Tveite Østervold, Guro Krokeide Andersen, Maja Thaule Hjørnevik, Raniim Abdisamed, Fatma Abdirahman Mohammed, Lisa Koppen Vike.




Gutar 8 har i år vore 12 spelarar, men kun eitt lag. Litt for få til å stille to femarlag og ein del for mange for eitt lag. Så i mange av seriekampane har me hatt godt med innbyttrar og mange som har vore ivrig etter speletid. På Cup derimot har me delt oss i to lag, slik at alle har fått spelt mykje. Me har fast hatt "Sjef over ball-øvingar" fyrste tredjedel av treningane og spelarane har utvikla seg godt individuelt. Samspelet har og utbetra seg, med til tider fint pasningsspel. Mykje innbytter i kampane har nok likevel gått litt utover samspelet. I kamp er innsatsen alltid på



topp og hjartet på utsida av Viljar-drakta. Voss Cup var som i fjor ein "høg dare" kor spelarane, med blåfarge i håret, gjekk friskt ut på bana for å lage mange mål, spesielt mot laga frå Bergen.

Med helsing frå trenar Tor Stian Ramsøy, hjelpetrenar Abdirahma Dagane og lagleiar Fredrik Fjose.



**13 forventningsfulle gutar starta på fotballkarrieren si rett etter påske.**

Har i kampar og treningar nytta 3ar banar. 3ar banane har ungane likt veldig godt. Der får alle spelarane mykje ballkontakt og alle spelarane har hatt ei god utvikling. Trenar har vore Knut Erik Wuttudal. Me har delteke på turneringar hjå Ørnar, Voss, Bulken og Bjørgum. Med god hjelp av forelda arrangerte J7 og G7 ettermiddagscup på Palmafossen i slutten av august. Totalt var 25 lag påmeldt og me fekk gjennomført 38 kampar på 2,5 time. Ei kjekk turnering med mykje fotballglede for ungane.



**Bak frå venstre :** Odne Stana, Ludvik Bø, Leo David Duijndam Norheim, Sivert André Bystøl, Kristian Wuttudal, Joar Horvei

**Framme frå venstre :** Lukas Vike Midje, Sondre Myklebust Lid, Vegard Bidne Gjernes, Sindre Aarhus Hefte, Knut Ygre, Knut Ekran Bryn, Sondre Olavson Klette

## HERRAR TRIM

### Viljar Herretrim kan melda om gode tider på Palmafossen.

Mannfolka i krinsen er aktive som aldri før. Etter ein noko svak sommar, har me atter ein gong funne vegen til gym-salen på Palmafossen skule. Kvar måndag, tysdag og torsdag er det fotball, styrketrening og innebandy på mosjonistnivå. Viljen er upåklageleg, humøret er på topp og evnen er akkurat passe bra. Om du ynskjer å vera med er det berre å møta opp!

Vyrdsamt Helge E. Mæland



Godt gjennomført økt av Sleen, Klette, Frønsdal, Klette, Bjørke og Tverberg.



Innebandy er mykje springing, men blir også tid til litt kroppskontakt bak mål!



Høg kølleføring hjå Sleen, Tverberg og Bjørke.

## Helsing frå volleyballdamene

### Onsdag er volleyball dag på palmafossen.

Då samlast mellom sju og tolv damer seg i gymsalen frå halv åtte til ni. Me har det veldig kjekt og sosialt, og du treng ikkje ha spelt volleyball før for å bli med. Reglane er enkle, og alle pleier å bli både sveitte og i godt humør etter nokon rundar med ballspel. Om sommaren er me ute i ballbingen viss veret er brukbart.

Velkomen til å bli med når ny sesong startar etter nyttår!



## SKIGRUPPA SESONGEN 2018

20. januar 2018 inviterte skigruppa til Viljarrennet. Me har hatt såpass suksess med å arrangere sprintrenn dei siste åra, så sprint stod på trappene også denne gongen. Det er behov for minimum 30 flinke funksjonærar for å arrangere sprintrenn. Men folk stiller opp og dei har ikkje minst full kontroll på det som skal skje og ikkje bør skje. Av den grunn var rennet ein suksess også denne gongen. 165 deltakara gjennomførte prolog. Etterfølgd av to heat med seks løparar og til slutt finale for dei som hadde det travlast. Viljar har framleis løparar som hevdar seg veldig bra med fleire singlar og pallplasseringar. Dei yngste går kun prologen som eit vanleg renn, så dette er for alle.

Som mange kjenner til har idrettslaga på Voss stelt i stand karusellrenn kvar for seg, også IL Viljar. Sist sesong vart desse renna satt i system slik at det er eit tilbod annakvar onsdag gjennom heile vinteren, totalt seks renn. Dette vart veldig godt motteke og vil fortsette kommande sesong. Me i Viljar arrangerte karusellrenn midt i veiteferien men hadde likevel ca 130 løparar på startstreken. Om det var gratis parkering pølser, saft og kaffi som lokka folk vitast ikkje, men på det meste var det over 180 løparar med. Kan ikkje få sagt det tydlig nok at dette er eit lavterskeltilbod der du stiller med dei skina du har og fluor er noko ein bruker for å pusse tenna. Dato for årets renn er ikkje fastlagt endå men følg med på Viljar si facebookside. Viljamesterskapen vart i fjor avhelde 19 mars i Bømoen. Litt hardt og isete føre men det er kjekt å holde til på "heimabane"

Som nevnt over har Viljar raske skiløparar som hevdar seg godt i nasjonale renn, Viljar sine løparar har delteke i Un-

gdommens Holmenkollrenn, hovudlandsrennet, junior norgescuprenn og junior NM. Dei er også ivrige på sommaren som på til dømes Blinkfestivalen i Sandnes og Lysebotnen.

No på nyåret er Viljarrennet satt opp 6. januar så det er berre å gleda seg til ein aktiv vinter.

### AKTIVITETSSKULE

Treningstilbod. For førskuleungar fyrste, andre og tredjeklassingar tilbyr Viljar aktivitetsskule kombinert med skitrening og skileik. Aktivitetsskule er for dei som ikkje kjenner til det, diverse aktivitetar inne og ute der ungane får prøve forskjellige aktivitetar. Ungane er små og dette er leikprega og skal vera kjekt.

Sist sesong var veldig bra med tanke på snø i Bømoen, etter å helde til inne i gymsalen flytta me ut og dreiv med skitrening heile desember til og med mars månad. Me håpar det blir slik også i år. Om ikkje det blir skiføre i Bømoen så får me prøve å finne skiføre litt høgare oppe. Trenarar har vore elevar frå vidaregåande kombinert med foreldre. Rekrutteringa til ski har vore liten dei siste åra, ikkje berre i Viljar men generelt i bygda. Dette går i bølger og grunnen kan vera mange, blant anna at skisporten har ord på seg for å vera kostbar. Men her i Viljar skal terskelen for å gå på ski vera lav. Når ungane blir eldre vil me som før ha eit tilbod for dei som vil trenar meir målretta.

Skigruppa ynskjer alle ei god jol og godt nytt år  
For skigruppa, Olav Klette

## GLIMT FRÅ VINTERSESONGEN 2018



Viljar klubbmeisterskap



Viljar klubbmeisterskap



Viljar klubbmeisterskap



Jr og Sr Hydle i stafetten 28.jan



klubbmeisterskap, premieutdeling



NM Steinkjer M18



Juniorlaget som vann parkstafeten 24.feb.  
Stian Gjøstein, Sindre Hydle og Stian Klette



Sondre O. Klette på  
Vargarennnet 07.nov



Stian Klette i sitt fyrste NC-løp på Beitostølen



Karusellrenn i åsen



Pylsebod på karusellrenn



Ungdommens Holmenkollrenn for 13 og 14 åringer



NM Steinkjer. Bjarte Hydle, med i  
smøreteamet for Hordaland med  
Stian Klette



NM Steinkjer M18

# GLIMT FRÅ VINTERSESONGEN 2018



Gunnar Bråten og Knut Bakketun i aksjon på Viljarrennet 20.januar



Viljar klubbmeisterskap




Viljar klubbmeisterskap, premieutdeling



Viljar klubbmeisterskap, premieutdeling




Ingeborg Klette på arenaen Holmenkollen



Stian Klette på NM Steinkjer, han blei nr.20 av 208, i M17



Viljar klubbmeisterskap, premieutdeling



Viljarmesterskapet i randonee som blei arrangert 22. april 2018, i Moldalia



Viljarmesterskapet i Moldalia



Viljarmesterskapet i Moldalia, premieutdeling



## RANDONEE-GRUPPA

Tidenes første Viljarmesterskapet i randonee ble arrangert 22. april 2018, i Moldalia. Sent i sesongen, men overraskene gode forhold. 9 deltakere i alle aldre, med ulikt utstyr. Alle koste seg, og hadde en kjekk dag. Randonee-gruppa fortsetter med å ha hovedfokus på å gi et lavterskeltilbud til alle som har lyst til å prøve dette, og vi ønsker å lære folk og lese ulike snøforhold, samt lære seg å bruke skredsøker og annet nødvendig sikkerhetsutstyr.

Vi oppmoder alle til å følge med på FB-sida vår, - og bruke sida aktivt.

I løpet av året har Hans-Inge Klette markert seg i det nasjonale (og det internasjonale) randomiljøet, og her kan dere lese hvordan 2018 har vært for ham, samt hans planer for kommende sesong.

Vi ønsker alle Viljarar ei god jul og et godt nytt rando-år!

**Randonee-gruppa v/Bjarne Klette**

### HANS-INGE KLETTE

I sesongen 2017/2018 har eg delteke på fleire løp, både i Noreg og i utlandet. I Noreg deltok eg på Norgescup på Bjorli i desember, og på Kårvatn i februar. Her fekk eg med meg 3 seira og 1 tredje plass. Sesongens høgdepunkt vart likevel den internasjonale debuten, då eg gjekk lagkonkurransen Tour Du Rutor i Aostadalen i Italia. Dette er ein 3 dagers lagkonkurranse i spektakulær alpenatur. Her gjekk eg på lag med Glenn Tore Løland frå Sauda. Me enda på ein 21. plass samanlagt, av om lag 260 fullførte lag, noko me var veldig fornøgd med.

For den komande sesongen er eg teken ut på landslaget i randonee og satsar for fullt på det. Planen er å gå mange løp, både norgescup, verdscup, NM - og VM i mars som vinterens høgdepunkt. I tillegg til dette håpar eg å få med meg ein lagkonkurranse eller to også. Med andre ord vert det ein innhaldsrik sesong, og eg gler meg!

**Helsing Hans-Inge Klette**





## ÅRETS 17.MAI FEIRING

I 2018 var det igjen Viljar sin tur til å arrangere 17. mai feiringa på Vangen. Det vart ein dag med nydeleg ver og god stemning frå tidleg morgon til langt ut på ettermiddagen. 17. mai komiteen la vekt på å lage ei feiring i kjend Vossastil, krydra med nokre små justeringar frå tidlegare år. Mellom anna vart Vangsgata gågate denne dagen og det har me fått gode tilbakemeldingar på, russen fekk servert hot-dog og saft før kosting av gatene og politiet var igjen fremst i barnetoget og folketoget.

Rundt om i sentrum var det salsbuer og med kjempeinnsats frå dykk Viljarmedlemmer vart det eit særdeles godt sal!

Dagen vart høgtidsamt avslutta på idrottsplassen med Nils T. Bjørke som årets 17. mai talar – sjeldan har det vore så mykje folk under høgtidinga av dagen!

17. mai komiteen takkar alle som deltok med store eller mindre oppgåver både i forkant og gjennom heile dagen. Å vere 17. mai arrangør er ei stor oppgåve for laget vårt, men det gjev kjærkomne midlar i klubbkassa. Det kjem vel med til å halde den allsidige aktiviteten i Viljar i gang.

De var alle like viktige for at me fekk gjennomført ei flott 17. maifeiring dette året – TUSEN TAKK!

Elin Klette, leiar i 17. mai komiteen



## IL Viljar klubbdressar

### frå trimtex

#### Sal av klubbdressar

IL Viljar har starta sal av klubbdressar, som skal brukast av både ski- og fotballgruppa som klubbdress.

Her er info om treningskleda til IL Viljar. Desse kleda er lette og komfortable med god passform. Dei held svært god kvalitet frå Trimtex.

Kleda har mange bruksområde: ski, fotball, overtrekksdrakt, sykling, jogging, friidrett, orientering, til kvardags eller turgåing.



### EI FIN JOLEGÅVE

Training suits Plus LZR

- Vaksen 1 150,-

- Born 1 000,-

Huer/ panneband

150,-/ 100,-

*Me sel óg bukser og jakker seperat*

**Interessert?** Me har drakter frå og med 130 og opp til XXL på lager. De er velkomne til å ta kontakt med Gunnlaug Hydle. Ho kan treffast på **mobil: 99 48 99 34** eller **mail: gu-hydl@online.no**

### MEDLEMSKAP 2019

Alle inn og utmeldingar i IL Viljar må skje via Norges idrettsforbund sin portal <https://minidrett.nif.no/> Dei har også laga ein app.

Gåver til Viljar kan gjevast på konto: 9581 10 31926 - Og gje gjerne Viljar din grasrot andel frå Norsk Tipping.

### JOLAHELSING



Måtte jolatida bringe dykk glede og latter, god mat og fine stunder saman med nære og kjære.

God jol og riktig godt nyttår frå alle oss.



## AKTIVITETSOVERSIKT FOR VILJAR 2018/2019 - PALMAFOSSEN SKULE

| Tid  | måndag                            | tysdag                                          | onsdag              |                | torsdag                                   |
|------|-----------------------------------|-------------------------------------------------|---------------------|----------------|-------------------------------------------|
| 1700 | Viljar Fotball<br>1700-1900       | Ski-Aktivitetsskule<br>Førskule og<br>1. klasse |                     | Viljar Fotball |                                           |
| 1730 |                                   |                                                 |                     |                |                                           |
| 1800 |                                   |                                                 |                     |                | Ski-Aktivitetsskule<br>2 og 3' dje klasse |
| 1830 |                                   |                                                 |                     |                |                                           |
| 1900 | Dametrim<br>1900-2030             | Viljar Fotball                                  | Viljar Fotball      |                | Langrenn<br>Vossalangrenn                 |
| 1930 |                                   |                                                 |                     |                |                                           |
| 2000 |                                   |                                                 | Volleyball<br>Damer |                |                                           |
| 2030 |                                   |                                                 |                     |                | Herretrim<br>Bandy<br>2015-2200           |
| 2100 | Herretrim<br>Fotball<br>2035-2200 | Styrketrening<br>Dame og herrer                 |                     |                |                                           |
| 2130 |                                   |                                                 |                     |                |                                           |
| 2200 |                                   |                                                 |                     |                |                                           |

### HOVUDSTYRET 2018

Leiar: Arnulv Ringheim  
Nestleiar: Håkon Bø  
Styremedlem: Turid Midthun  
Styremedlem: Harald Østervold  
Styremedlem: Martin Hindenes  
Varamedlem: Ann Kristin Lid  
Varamedlem: Solveig Bakketun

### KONTAKTPERSONAR

Randonee: Bjarne Klette  
Fotball: Stig Arnesen, 90 79 33 02  
Vossalangrenn: Tore Tveito, 95 74 82 72  
Ski og Aktivitetsskule: Olav Klette, 94 80 30 94  
Dametrim: Anne Lorentzen, 95 13 03 72  
Volleyballdamer: Ann Kristin Lid, 95 85 69 07  
Herretrim: Helge Erik Mæland, 99 71 06 34  
Styrketrening: Geir Arne Månum, 90 53 55 51

### FOTOKREDITERING

Helge Erik Mæland, Marit Sandbæk, Bjarne Klette, Elin Klette, Hans Inge Klette, Håkon Bø, Tom Mæland, Geir Arne Månum, Tor Stian Ramsøy, Martin Hindenes

### REDAKSJON

Håkon Bø  
Stig Arnesen

### GRAFISK PRODUKSJON

Voss Prenteverk